



# Informasjon

3/2022

Molde SVs informasjonsbulletin

August 2022

## Leder Oscar Toft



### Vi gjer oss klare til eit viktig år

Neste år er det valår, både i kommunepolitikken og fylkespolitikken. Som førebuing til dette er det sett ned både programnemnd og nominasjonsnemnd, lokalt og på fylkesplan.

Det er viktig at de som medlemmer kjem med innspel i denne samanhengen.

Elles står me mellom anna framfor ein tur til Nordøyane i samarbeid med stortingsrepresentanten vår, Birgit Oline Kjerstad. Dette vert truleg både lærerikt og kan bidra til å bygge miljøet i partiet.

### Programnemnd

Desse sit i den lokale programnemnda:

Håvard Bævre Ellingsgård (leiar)  
Bjørn Ølander  
Kim Thoresen  
Britt Ovesen  
Kari Gagnat

- Ressursgruppe for programnemnda er heile kommunestyregruppa
- Nettverk er samarbeidande organisasjonar, slik som LO, Naturvernforbundet, Bondelaget, Bonde- og Småbrukarlaget, Norsk Folkehjelp m. fl.
- Nettverk og ressursgruppe skal brukast aktivt til å kome med innspel
- Den raudgrøne tråden i programarbeidet er «det grønne skiftet», der Molde SV skal stå fram som ein pilot og ein aktør som går foran i Molde kommune

Nemnda kjem i gang med arbeidet sitt etter ferien.

Innspel kan du sende via e-post til leiaren i nemnda, Håvard Bævre Ellingsgård, [hbe.foto@gmail.com](mailto:hbe.foto@gmail.com).

Eit medlemsmøte, der medlemmer og andre lag og organisasjonar får høve til å kome med innspel til programmet, foreslår ein lagt til oktober.

Medlemsmøte for å godkjenne programmet foreslår ein lagt til mars 2023.

### **Nominasjonsnemnd for kommunestyrevalet 2023**

Desse sit i den lokale nominasjonsnemnda:

Evy Sisilie Bergum (ansvar for innkalling til første møte)  
Håvard Bævre Ellingsgård  
Rune Sjøholm  
Unni Bjørseth

Anita Zizzari var og vald til programkomiteen, men er flytta frå Molde.

Valnemnda hadde det første møtet sitt 15. juni 2022.

Til stades var Rune Sjøholm, Unni Bjørseth og Evy Sisilie Bergum.

Håvard Bævre Ellingsgård hadde meldt forfall.

Under kan du lese delar av referatet frå møtet:

---

#### **Sak 1: Til valg av nemd**

Anita Zizzari har meldt flytting til Oslo i løpet av juni i år. Det er årsmøtet i Molde SV som har valgt nemnda. I samråd med leder i Molde SV, Oscar Toft, kom vi fram til at det riktige derfor vil være at nemnda fungerer vidare med resterende antall 4.

#### **Sak 2: Valglista**

En kort innledningsrunde konkluderte med at dette første møtet først og fremst skulle drøfte generelle prinsipp og føringer for fortsettelsen i å komme fram til ei så god kandidatliste som mulig:

- Jobbe fram 47 kandidater, like mange som det nye kommunestyret vil bestå av, etter å ha redusert antallet fra dagens 59. (Reduksjon er allerede vedtatt av nåværende kommunestyre).
- Ambisjoner om å vinne valget med ei god liste som signaliserer samarbeid og innsats for god SV-politikk, samler by – land, distrikt – sentrum, god kjønns- og aldersspredning.

#### **Sak 3: Forutsetninger for å lykkes**

- Valgnemnda har som målsetting å holde god kontakt med lokallaget og styret.
- Nemnda må være godt oppdatert på de politiske prioriteringene.
- Jo bedre Molde SV jobber og definerer politiske saker, jo lettere er det å til slutt kunne presentere ei god liste.

#### **Sak 3: Framdrift**

Nå begynner jakta på kandidater.

Det må bli kjent at folk kan foreslå seg sjøl ovafor valgnemnda, foreslå andre / tipse om andre som bør følges opp, o.l. Tipsa kan også gå til styremedlemmer som igjen kontakter valg nemnda. Kort sagt gå ut bredt, slik at vi forhåpentligvis kan høste blant mange innkomne forslag.

---

Forslag kan du sende per e-post til Evy Sisilie Bergum, [esbergum@online.no](mailto:esbergum@online.no).

**Nominasjonsmøtet vert lagt til onsdag 23. november 2022.**

### **Nominasjonsnemnd for fylkestingsvalet 2023**

Desse sit i fylkeslaget si nominasjonsnemnd:

Eldar Høidal (leiar)  
Cecilie Gaukonen  
Håvard Bævre Ellingsgård  
Elin Pedersen  
Viggo Jordahl

Nominasjonsnemnda føreset at alle medlemmer i lokallaga får høve til å kome med innspel til kandidatar. Med dette får de høve til det.

Det fylkeslaget si nominasjonsnemnd ynskjer i denne omgang er:

- Framlegg til kandidatar som bør stå høgt oppe på lista (mellom dei seks fremste).
- Framlegg til kandidatar som bør stå på lista.
- Gje gjerne ei kort grunngjeving for kvar kandidat de foreslår, og gjerne

med utgangspunkt i kriteria i vedtektene som:

- God kjønnsbalanse
- God geografisk fordeling
- Menneske med minoritetsbakgrunn
- Framlegg som speglar breidda og mangfaldet i befolkninga i fylket.

De kan sjølv sagt foreslå kandidatar både frå eige og andre lokallag. Og kanskje finst det folk der ute som ikkje er medlemmer, men som de trur kan profilere SV på ein god måte i valkampen/fylkespolitikken? Det går an å spørje...

Forslag kan du sende per e-post til Molde SV, [post@moldesv.no](mailto:post@moldesv.no).

Lokallaget har frist for videresending av forslaga til fylkeslaget si nominasjonsnemnd mandag 29. august, men siste styremøte før dette er onsdag 17. august kl. 18:00, så vi ville sette pris på å få inn forslaga til då.



## **Tur til Nordøyane**

Birgit Oline Kjerstad har invitert til ei utflukt til Nordøyane laurdag 20. august.

Tida for turen nærmar seg. Då vi planlegg å spise middag saman, anten på ein serveringsstad eller å bestille catering, er det no viktig med ei bindande påmelding, slik at vi kan avgjere kva plassbehov vi har.

Mykje av programmet tek til å ta form, men det er ein del vi må ta stilling til ei veke før turen, når vi ser nærare kva værmeldinga byr på.

### **Påmelding:**

Du kan melde deg på turen via e-post til [post@moldesv.no](mailto:post@moldesv.no) eller ved å sende ei tekstmelding eller ta ein telefon til Oscar Toft (mobil 91163933).

**Det er viktig at du i påmeldinga nemner om det er spesielle ting vi må ta omsyn til når det gjeld middag til deg.**

### **Tidsramme:**

08:20 - Avreise frå Molde ferjekai

10:00 - Stopp på parkeringsplassen for Nordøyvegen på Gamlem for påkobling av eventuelle deltakarar frå Ålesund SV

10:15 -Vi er framme på Lepsøya og programmet for dagen tek til

17-tida - Middag

18:00 - Heimreise

### **Transport:**

Slik det ser ut no satsar vi på å organisere oss i privatbilar

### **Mat:**

- Lunsj - Den einskilde tek med matpakke
- Middag - Vi bestiller catering og et ein egna stad eller et på spisestaden Barius og Kaktus

### **Program:**

- Rundtur på Lepsøya. Lokalhistorikar foredrag for oss, anten under rundturen, eller på ein egna stad.

- Besøk hjå Birgit Oline. Longvagarden, fortidsminne, geologi og busetnad ved Atle Longva.
- Vi tek oss ein tur ut til Ulla fyr.
- Besøke Olaus Fjørtoft-statua. Kort om politisk historie ved Birgit Oline.
- Gardsbesøk hjå Erling Rogne om det passar inn i gardsdrifta.

Om du treng å oppdatere deg på Olaus Johannes Fjørtoft, kan du sjekke desse lenkane:

[https://nn.wikipedia.org/wiki/Olaus\\_Fj%C3%B8rtoft](https://nn.wikipedia.org/wiki/Olaus_Fj%C3%B8rtoft)

[https://no.wikipedia.org/wiki/Olaus\\_Fj%C3%B8rtoft](https://no.wikipedia.org/wiki/Olaus_Fj%C3%B8rtoft)

### Ymse aktivitetar i næraste framtid

**Laurdag 27.august – Sosialistisk kor har øving. Nye medlemmer velkomne. Dette vert kjekt**

**Onsdag 31. august – Kafetreff i peiskroken på Hotell Molde. Vi har allereie hatt flere trivelege kafetreff. Bli med du og!**

# Nei til store nye inngrep

